



Haugen VVA AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar: Thor-Henrik Fredriksen
Vår: 20/202 - 22/53685

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2022

Mellombels bruksløyve (2) - gbnr 137/163 m. fl. Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 743/22
Tiltakshavar: Romarheim AS
Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for delar av godkjend teknisk infrastruktur på gbnr 137/163 m.fl. på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket slik det går fram av kartvedlegg F1.
2. Ferdiggattest skal liggja føre innan 31.12.2023.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 19.07.2019, igangsetjingsløyve datert 18.12.2019 og endringsløyve datert 10.06.2022.

Det vart gitt mellombels bruksløyve for del av tiltaket i vedtak datert 18.10.2020.

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket slik det går fram av kartvedlegg F1.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Veg f_SKV7 pr0fl 75-220 med tilhørende fortau og VA-anlegg
2. Veg f_SKV5 pr0fl 90-1
3. Innmålingsdata veg

Det er opplyst i søknaden at _KV4 utgår av søknaden og er bygd som del av bustadprosjektet på gbnr 137/109, jf. arkivsak 20/14029.

Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2023.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.06.2023.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket slik det er søkt om.

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/202

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Alverflaten-søknad midlertidig brukstillatelse3_Vedlegg F-1

Mottakrarar:

Haugen VVA AS
Romarheim AS

Kanalveien 5 5068
Alvervegen 25 5911

BERGEN
ALVERSUND